

# Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: DQGNPB

Registrert dato: 22.03.2021 21:44:47

Innleiing	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> Personleg	
<input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
Opplysningar om innsendaren	
Førenamn Oddbjørn	
Etternamn Rosnes	
Adresse Strandvegen, 30	
Postnummer 5914	Poststad ISDALSTØ
Telefon 47815458	
E-post orosnes@gmail.com	

Høyringsuttale
Høyringsuttale
Velj høyringsuttale:
<input checked="" type="radio"/> Detaljreguleringsplan Fv 57 gang-sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad
<input type="radio"/> Detaljregulering for fv. 564 Fløksand-Vikebø
Uttale
Att: Planavdelinga
Gjeld: Ny høyring gang- og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad.
<p>Dette er ei felles høyringsfråsegn frå eigarane av gnr 117, bnr 11 og gnr 117, bnr 27. På plankartet plansje 6 er utkøyringsveg frå bnr 27 teikna inn over bnr 11. Dette må skuldast ei mistyding, og forholdet er tidlegare teke opp i samtale med representant for dåverande Lindås kommune. Ei slik løysing som den som no er føreslegen, vil vera sær sars trafikkfarleg, og til svært stor ulempe for begge bruka.</p> <p>Historikk: Då det vart bygt på bnr 27, vart det av praktiske grunnar lagt ein enkel "anleggsveg" frå våningshuset på bnr 11 til bnr 27. Dåverande eigar av bnr 27 var son til dåverande eigar av bnr 11. Denne anleggsvegen vart liggjande, og var i bruk i fleire år. Men var ikkje tufta i tinglyst vegrett.</p> <p>Bnr 27 har sidan eigedomen vart utskilt hatt tinglyst vegrett i rett line langs eigedomsgrensa til bnr 11. For fleire år sidan vart denne vegen bygt, og har sidan vore einaste brukte utkøyrsla frå bnr 27.</p> <p>Dette er ein trygg veg, med godt og oversiktleg kryss til lokalvegen. Vegen som kartet no viser forbi våningshuset på bruk 11 går rett gjennom tunet på denne eigedomen, utan avstand til hjørnet på våningshuset. Det er ei sær sars lite tenleg løysing om ein legg trafikktryggleik til grunn.</p> <p>Utkøyrsla frå bnr 11 er tenleg for den avgrensa trafikken som går til og frå denne eigedomen. Men er ikkje dimensjonert for større trafikk, og ikkje dimensjonert for tyngre køyretøy. Konklusjon: Me bed om at plankartet vert</p>

justert, slik at det er i samsvar med den noverande løysinga for vegar ut frå bnr 27 og bnr 11.

Dette vart som nemnt teke opp med kommunen etter førre høyring, og me fekk då opplyst at feilen skuldast eit forelda kartgrunnlag.

Dersom det er naudsynt, vil me med dette be om at ein representant for kommunen kjem på synfaring.

Med helsing

Kjell Åge Rosnes, eigar gnr 117, bnr 23

Oddbjørn Rosnes, eigar gnr 117, bnr 11